

# KUNNSKAPSLØFTET

Informasjon til elevar og føresette:

Kva er nytt i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa frå hausten 2006?



## KJÆRE FORELDRE

- Du er den første og viktigaste læraren til barnet ditt!
- Er du engasjert, gjer barnet ditt det betre på skulen.
- Engasjementet ditt er like viktig på ungdomstrinnet som i barneskulen.
- Diskuterer du med barna, stimulerer du tankane og utviklinga deira.
- Det er viktig at du er med og vurderer arbeidet til barna.
- Når du bryr deg, blir barnet meir motivert og trivst betre på skulen.
- Trua di på eiga rolle, og på at du kan vere med å påverke, er viktig for barnet ditt.
- Har du eit godt forhold til skulen, påverkar det resultatata til barnet.
- At du kjenner dei andre foreldra fører til betre samarbeid og oppfølging.
- Foreldra er ein viktig ressurs for skulegangen til barna!

Helsing Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG)



## KVA ER KUNNSKAPSLØFTET?

Kunnskapsløftet er den nye reforma i grunnskulen og den vidaregåande opplæringa. Reforma fører til ei rekkje endringar i innhaldet, strukturen og organiseringa til skulen frå det første trinnet i grunnskulen til det siste trinnet i den vidaregåande opplæringa.

Målet for Kunnskapsløftet er at alle elevar skal utvikle grunnleggjande dugleik og kompetanse for å kunne ta aktivt del i kunnskapssamfunnet. Den norske skulen er ein inkluderande skule der det skal vere plass til alle. Alle skal få det same høvet til å utvikle evnene sine. Kunnskapsløftet skal bidra til å sikre tilpassa opplæring for alle elevar og leggje meir vekt på læring.

Reforma startar i august 2006 for elevane på 1.–9. trinnet i grunnskulen og på første trinnet i den vidaregåande opplæringa.

Dette er dei viktigaste endringane i norsk skule som følgje av Kunnskapsløftet:

- Styrking av grunnleggjande dugleikar (sjå s. 7)
- Vektlegging av lese- og skriveopplæringa frå første årstrinnet
- Nye læreplanar i alle fag, med tydelege mål for kompetansen til elevane og lærlingane
- Ny fag- og timefordeling
- Ny tilbodsstruktur i den vidaregåande opplæringa
- Lokal valfridom når det gjeld arbeidsformer, læremateriell og organisering av opplæringa



# SLIK BLIR KUNNSKAPSLØFTET INNFØRT

## Skuleåret 2006 – 2007

1.–9. trinnet i grunnskulen og Vg1 (1. trinnet i den vidaregåande opplæringa) tek i bruk nye læreplanar for fag og ny fag- og timefordeling. Framandspråk/språkleg fordjuping blir gradvis innført med start på 8. trinnet. Skulane kan tilby *programfag til val* på ungdomstrinnet.

## Skuleåret 2007 – 2008

Nye læreplanar blir tekne i bruk for 10. trinnet og Vg2 (2. trinnet i den vidaregåande opplæringa).

## Skuleåret 2008 – 2009

Kunnskapsløftet blir innført i Vg3 (3. trinnet i den vidaregåande opplæringa). Alle skular må tilby programfag til val på ungdomstrinnet.

## Foreldre og føresette – viktige bidragsytarar

### Foreldre og føresette

- har òg ansvar for elevane si opplæring
- skal bidra til samarbeid med skulen eller lærestaden
- skal bidra til gjensidig kommunikasjon om trivselen til eleven og den faglege og sosiale utviklinga

Skulen og lærebedrifta skal leggje til rette for samarbeid med heimen og sikre medansvaret til foreldra og dei føresette i skulen. Heimen skal få informasjon om måla for opplæringa i faga, korleis opplæringa er lagd opp, kva arbeidsmåtar som blir brukte, og korleis den faglege utviklinga til elevane blir vurdert. Det skal òg leggjast til rette for at foreldra eller dei føresette kan delta i reelle drøftingar om korleis skulen skal utvikle seg. Foreldremedverknad er organisert gjennom foreldreråd og samarbeidsutval lokalt og gjennom Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) nasjonalt.



## NYTT LÆREPLANVERK FOR ALLE TRINN

Læreplanverket for Kunnskapsløftet omfattar heile grunnopplæringa. Det blir utvikla eit eige læreplanverk for Kunnskapsløftet Samisk som skal brukast i det samiske forvaltingsområdet.

### Det nye læreplanverket består av:

- **Generell del**

Den generelle delen utdjuvar verdigrunnlaget og menneskesynet som skal liggje til grunn for opplæringa. Den generelle delen frå det gjeldande læreplanverket blir vidareført i Kunnskapsløftet for grunnskulen og den vidaregåande opplæringa.

- **Prinsipp for opplæringa**

Prinsippa klargjer svaret skuleeigaren (kommunar og fylkeskommunar) har for å sikre ei heilskapleg opplæring som er i samsvar med regelverket, og som er tilpassa lokale og individuelle føresetnader og behov. Prinsippa gjeld alle faga og nivåa i grunnopplæringa. Skulen og lærestaden har ansvar for å utvikle basiskompetansen til elevane og lærlingane: Sosial og kulturell kompetanse, motivasjon for læring og læringsstrategiar. Elevmedverknad og samarbeid med heimen er andre viktige prinsipp for opplæringa.

Læringsplakaten inngår i prinsippa og summerer opp dei grunnleggjande pliktene til skulen og lærestaden.

- **Fag- og timefordeling**

For grunnskulen er fag- og timefordelinga fastsett samla for heile barnetrinnet (1.–7. trinnet) og for heile ungdomstrinnet (8.–10. trinnet). Den enkelte skuleeigaren (kommune og fylkeskommune) har ansvar for å fordele timane på dei enkelte trinna. Fag- og timefordelinga for den vidaregåande opplæringa er fastsett for kvart trinn.

For å gjere det lettare å oppnå tilpassa opplæring for den enkelte eleven kan kommunane og fylkeskommunane disponere om inntil 25 prosent av timane som er fastsette i det enkelte faget. Slik omdisponering kan skje når det er grunn til å tru at det samla sett fører til betre måloppnåing i faga for eleven. Måla i læreplanane for fag er ufråvikelege, sjølv om timane blir omdisponerte. Omdisponering skal skje i samarbeid med heimen og krev samtykke frå den enkelte eleven eller lærlingen og dei føresette.

- **Læreplanar for fag**

Det er fastsett nye læreplanar for alle faga i grunnskulen og for fellesfaga i den vidaregåande opplæringa. Programfaga i den vidaregåande opplæringa blir fastsette etter kvart.

## NYE ELEMENT I LÆREPLANAR FOR FAG

### Grunnleggjande dugleik

Kunnskapsløftet inneber at skulen skal prioritere å utvikle grunnleggjande dugleikar i alle fag. Det er viktige føresetnader for den vidare læringa. Dei grunnleggjande dugleikane er:

- **Å kunne uttrykkje seg munnleg**
- **Å kunne lese**
- **Å kunne rekne**
- **Å kunne uttrykkje seg skriftleg**
- **Å kunne bruke digitale verkøy**

Dette er innarbeidd i læreplanane for faga. Alle lærarar har derfor ansvar for at elevar og lærlingar får utvikle dei grunnleggjande dugleikane sine gjennom arbeidet med dei ulike faga. Å leggje vekt på lese- og skriveopplæring frå første årstrinnet i grunnskulen er ein del av Kunnskapsløftet.

Dei nye planane har tydelege mål for kva elevane skal mestre på ulike trinn. Gjennom slike kompetanssmål uttrykkjer læreplanane tydelege faglege ambisjonar for alle elevar. Elevane vil i ulik grad kunne nå dei fastsette måla. Kvar enkelt elev skal stimulerast til størst mogleg

måloppnåing gjennom tilpassa opplæring. Dersom ein elev ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av den ordinære opplæringa, har han eller ho rett til spesialundervisning.

### Framandspråk eller språkleg fordjupning

Frå skuleåret 2006/2007 skal alle elevar på 8. trinnet anten ha eit nytt framandspråk i tillegg til engelsk eller språkleg fordjupning i samisk, norsk eller engelsk.

### Programfag til val

For å gi grunnskuleelevane «smaksprøver» på fag frå den vidaregåande opplæringa blir det innført programfag til val på ungdomstrinnet. Innhaldet skal utformast ut frå lokale føresetnader, gjerne i samarbeid med vidaregåande skular og lokalt næringsliv. Opplæringa kan godt leggjast utanfor skulen. Slik får elevane betre grunnlag for å velje vidaregåande opplæring ut frå eigne interesser og erfaringar.

Alle dei nye læreplanane er tilgjengelege på nettsidene til Utdanningsdirektoratet:

[www.utdanningsdirektoratet.no/lk06](http://www.utdanningsdirektoratet.no/lk06)

# NY TILBODSSTRUKTUR I VIDAREGÅANDE OPPLÆRING

Vidaregåande opplæring får mellom anna nye nemningar på ein del fag, fagsamansetjingar og studieretningar frå 2006. Det som før heitte «studieretningar», får namnet «utdanningsprogram», og det som tidlegare heitte «studieretningsfag», heiter no «programfag». Elevane søkjer seg altså inn på eit utdanningsprogram, der dei etter kvart vel programfag.

## Prosjekt til fordjuping i yrkesopplæring

I samband med Kunnskapsløftet og utarbeiding av nye læreplanar er det innført prosjekt til fordjuping på yrkesfaglege utdanningsprogram i den vidaregåande skulen. Her skal elevane kunne fordjupe seg i eit fagområde dei er spesielt interesserte i. Prosjekt til fordjuping kan gjennomførast i samarbeid med lokalt næringsliv, slik at eleven kan bli kjend med yrke og aktuelle lærebedrifter tidleg i utdanninga.

## Frå hausten 2006 blir det tilbydd tolv utdanningsprogram i den vidaregåande opplæringa:

### Studieførebuande utdanningsprogram

(gir studiekompetanse, det vil seie kvalifiserer for opptak til universitet og høgskular):

- Studiespesialisering (tidlegare studieretning for allmenne, økonomiske og administrative fag), med programområde for realfag, språkfag, formgivingsfag, samfunnsfag og økonomi
- Idrettsfag
- Musikk, dans og drama

### Yrkesfaglege utdanningsprogram

(kan gi studiekompetanse etter eit påbyggingsår på Vg3):

- Bygg- og anleggsteknikk
- Design- og handverksfag
- Elektrofag
- Helse- og sosialfag
- Media og kommunikasjon
- Naturbruk
- Restaurant- og matfag
- Service og samferdsle
- Teknikk og industriell produksjon



## ELEVURDERING

Både for grunnskolen og den vidaregåande opplæringa finst det generelle føresegner om elevvurdering i forskrift til opplæringslova. Her står det når ein skal gi vurdering utan karakter, og når ein skal gi vurdering med karakter. Vurdering med karakter omfattar både standpunkt- og eksamenskarakterar. I læreplanen for det enkelte faget er det teke inn føresegner om standpunktkarakterar i faget og om kva reglar som gjeld for eksamen i det aktuelle faget.

### Nasjonale prøvar og kartleggingsprøvar

Målet med dei nasjonale prøvane er å vurdere om skulen lykkast med å utvikle dei grunnleggjande dugleikane til elevane. Prøvane som blir gjennomførte, skal ha høg fagleg

kvalitet, og resultatane skal brukast som grunnlag for kvalitetsutvikling på skular, hos skuleeigarar og på regionalt og nasjonalt nivå.

Frå hausten 2007 skal det haldast nasjonale prøvar i lesing på norsk og engelsk og rekning på 5. og 8. trinnet. Prøveresultatane skal kartleggje om elevane oppfyller måla i læreplanen for grunnleggjande dugleikar etter 4. og 7. trinnet. Resultatane skal vere tilgjengelege for dei som skal arbeide med kvalitetsutvikling i skulen, men det skal ikkje leggjast til rette for å rangere skular.

Det skal òg gjennomførast obligatorisk kartleggingsprøve i lesing for 2. trinnet frå skuleåret 2006 – 2007. Seinare vil det bli innført kartleggingsprøvar i rekning og talforståing.

## KVEN KAN EIN KONTAKTE VED SPØRSMÅL?

Spørsmål om undervisning, tilpassa opplæring eller organisering på den enkelte skulen kan rettast til lærarar eller rektor, eventuelt til skuleeigaren (kommunen eller fylkeskommunen). Fylkesmannen fører tilsyn og handsamar klager på grunnopplæringa sitt område og kan òg kontaktast.

### Informasjon på Internett:

Oppdatert informasjon om Kunnskapsløftet finn du på [www.kunnskapsloeftet.no](http://www.kunnskapsloeftet.no)

Informasjon om grunnopplæringa på samisk finn du på [www.oahpponeahhta.no](http://www.oahpponeahhta.no)

Utdanningsdirektoratet sin Internettportal for elevar, lærarar og skuleleiarar, føresette og andre som er interesserte i skule og læring, finn du på [www.skolenettet.no](http://www.skolenettet.no)

Informasjon frå Foreldreutvalet for grunnskolen (FUG) finn du på [www.foreldrenettet.no](http://www.foreldrenettet.no)





Utgitt av :  
Kunnskapsdepartementet

Offentlege institusjonar kan bestille fleire  
eksemplar av denne publikasjonen frå  
Departementenes servicesenter  
Kopi- og distribusjonsservice  
[www.publikasjoner.dep.no](http://www.publikasjoner.dep.no)  
E-post: [publikasjonsbestilling@dss.dep.no](mailto:publikasjonsbestilling@dss.dep.no)  
Telefaks: 22 24 27 86  
Design: Tank • Trykk: ParaCard.no

Oppgi publikasjonskoden F-4209 N